


Kor stor er interessa for Børnes?

21.10.2010



Kor stor er interessa for industrietablering og tomter i Børnes industriområde i Uskedalen?

Det ynskjer tekniske tenester i kommunen no å kartleggja og Jarle Fossheim skal eventuelt kontaktast.

Utifrå responsen vil så kommunen ta stilling til den vidare framdrift i tilretteleggjinga - anten det blir aktuelt med sal eller leige.

Det heiter i annonsen om saka at kommunen planlegg tilretteleggjing av industritomter på Børnes men at ein ynskjer å klarleggja kva interesse det er før prosjektering blir sett igang.

Søknaden må gje opplysningar om arealtrong, verksemdstype og årsverk.

Det som blir planlagd tilrettelagt er 15 dekar nytt areal.

Eigertilhøvet på Børnes er no avklara, mellom anna via a vis Eidsvik Skipsbyggeri.

Den siste som har søkt om areal på Børnes er Brødrene Hjørnevåg, som ynskjer 600 kvadratmeter tilleggsareal ned mot fjorden - mellom kaia og det noverande anlegget til verksemda (se skisse over).

Dagleg leiar Marit Hjørnevåg opplyser til uskedalen.no at dei førebels ikkje har bestemte og konkrete planar for utnyttinga av dette arealet. Dei vil erverva det med tanke på behov i framtida.

Av Ola Matti Mathisen